


Julemøte med uventa innhald!

05.01.2015

Julemøtet onsdag den 17.desember tok ei heller uventa vending, men ikkje for alle dei frammøtte....



Men først eit utsyn frå BUAS: Sykkylven Rotary Klubb har i mange år fått lys i den no noko avstumpa grana. Lys i mørketida!



Møtet starta så greitt: Etter at Jarle president hadde opna, ordna Olav med dei tradisjonelle opningstonane frå Johann Sebastian Bach sin penn... nokre få minutt av det vidkjende Juleoratoriet: *Jauchzet, frohlocket, auf, preiset die Tage.* (Kantate for 1.juledag) Deretter fekk Helge 3-minutt-ordet:



Helge formidla nokre gode og interessante tankar om jula og juletida. (NB: Finst i mp3-fil)



Medarbeidar ved no *Ekornes ASA* gjennom heile sitt yrkesaktive liv, Jarle Tusvik, delte med oss nokre av åra då grunnleggjaren/ grunderen Jens og kona Petrine Ekornes levde. Humoristen Jarle hadde teke særskilt godt vare på også dei morosame sogene og episodane i Jens Ekornes si teneste.



Til jul skal jeg sende et julekort til mange jeg kjenner i landet vårt... (Thorbjørn Egner, 1912-1990) Olav trallar og syng, og medlemmer og gjester syng med.



Assisterande guvernør - AG - John Stennes skulle i følgje programmet "bere fram ei julehelsing". Det greidde han til gagns, men etter kvart fekk ein ferten av at det var noko meir han ville bere fram også! Vil du lese meir om kva som så hende, kan du lese [Referatet frå Presidenten si hand her](#). (Referata ligg i arkiv for møtereferat.)



Olav sin puls steig merkbart etter kvart som John formidla soger og stikkord heilt attende til 1970-talet. Kva i alle dagar... Men slik gjekk det altså til då AG John Stennes overrekte diplom, medalje og jakke-knapp som gjorde Olav Pileberg, medlem i SRK sidan 2002, til ein ekte *Paul Harris Fellow*.



President Jarle Svindseth overrekte vakre blomar frå klubben. Olav ser ut til å like seg som PHF med tilhøyrande merksemd, og AG John Stennes har nok ein gong vore på banen i eit særslig hyggeleg oppdrag for Rotary International.



Etter denne høgtidelege stunda (i alle høve for underteikna!), stunda det til med mat. Frå eit velfyldt koldbord fekk vi ein solid forsmak på kva dei komande dagane skal by på av trdisjonell julekost. Dei følgjande bileta viser gjester og medlemmer ved borda.





Hallstein, til venstre, er innkommende president og såleis ansvarleg for "innhald, form og farge" for julemøtet. Vel gjort, Hallstein og Klubbkomiteen!





Til høgre (med slips) Herman Haugen. Han har mange år bak seg som Rotary-medlem og som kontorsjef i Sykkylven kommune. Klubben sette stor pris på at han kunne stille som gjest ved julemøtet!

Alle foto: Knut Jarle Vik. (Med unntak av Helge-bilete, teke av Olav p)
Dermed ønskjer Sykkylven Rotary Klubb til alle som ser dette i rett tid:



Kopiert av Olav P, mars 2015

Vi saksar frå Rotary Norden nr. 2/ 2015:

http://epaper.hansaprint.fi/rotary/rot15_02/#38



Sykylven Rk har tildelt PHF til Olav Pileberg for hans innsats i det lokale kulturlivet. I mange år var han dirigent og leiar for barnekoret Mini Message med fram mot 100 songarar, vidare dirigerte han i fleire år Aure Skulekorps. I 1993 var han den første som fekk kommunen sin kulturpris. Også innad i klubben er han kjend som den som tek seg av kultur og sang, med stor kreativitet. Æra for klubben si heimeside har

han og.

Ass. Gurvernør John Stennes sto for tildelinga. (Foto: J. S.)